

Jondal kommune

Pleie og omsorgstenesta

Kvalitetskommuneprogrammet 2009 – 2010



Våre mål:

Metode og rutinar for informasjon og kommunikasjon mellom tilsett og brukar, mellom tilsette og mellom tilsette og leiing, er kjend og forankra i eininga.

Rutinar og prosedyrar skal vere registrert i nytt kvalitetssikringssystem innan prosjektet si avslutning.

Brukar- og medarbeidarundersøkingar skal gjennomførast våren 2010.

Brukar- og medarbeidarundersøkingane våren 2010 skal ha ein svarprosent på meir enn 70%.

Resultatet av brukar- og medarbeidarundersøkingane våren 2010 skal ha eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet og vere like gode eller betre enn førre undersøking.

Vår visjon

*Stolte medarbeidarar
med ekte omsorg for
heile mennesket!*

Våre verdiar

*Rause, trygge og
respektfulle*

Vi er gode på:

- Heimesjukepleie / praktisk bistand
- Trivsel – tilsette
- Nøgde bebuarar

Vi vil bli betre på:

- Lik informasjon til alle
- Tydeleg leiing
- For låg bemanning i helgane
- Haldningar / arbeidsmoral

Vår prosess

Har til no jobba i ein prosess for å kome fram til visjon og felles verdiar for pleie- og omsorgstenesta i Jondal.

Alle medarbeidarane har fått tilbod om å vere med på dette arbeidet.

Vi skal nå over i ein fase der vi skal utarbeide konkrete tiltak for korleis vi kan nå måla våre og bli betre på dei områda vi har valt ut. Vi vil også sjå på tiltak for framleis å halde ein høg standard på dei områda der vi er gode.